# Sollidstølen/Tringstølen

## Norsk

Som namnet tyder, ligg denne stølen i den solvendte lia. Det var opphavleg òg eit gardsbruk på denne sida av elva som heit Sollid, men dette er no borte. Sollidstølen var vårstøl til fleire av gardsbruka på Farestveit. Stølinga vart avslutta på 1950-talet og sidan forfall husa, men eit av dei er no bygd opp att like ved der stølen opphavleg sto.

Du kryssar først hengebrua og svingar til høgre på grusvegen som du følgjer ca. 100 meter. Når du har passert ein liten steinklopp, finn du snart eit skilt på venstre hand som peiker oppover lia. Stien går ganske bratt opp parallelt med elva/fossen. Stien går først i eit område med ur, men vert snart god å fylgje – tydeleg og elles merka med blått. Sidan turen opp er kort, ca. 1,5 km, eignar løypa seg òg for born.

Når du har lagt stigninga bak deg, kryssar du først ein bekk og deretter over elva på bru. På den andre sida ser du snart stølen på høgre hand, men stien går i ei lita sløyfe før du svingar inn på den gamle stølsvollen.

Området rundt stølen og vidare innover vert nytta som beite om sommaren, så hugs å late att grinda oppi lia.

## English

The name "Sollidstølen" means "the mountain farm on the sunny hillside", and the area is still used as summer grazing for the sheep at Farestveit .

The route starts here at the information board. You cross the suspension bridge and follow the forest road to the right about 100 meters. You will then see a sign where the trail starts in the terrain to your left, shortly after you've crossed a small stone footbridge. There is some talus in the beginning, but you will soon find a clearly visible trail with blue markings. It starts off a bit steep, but the hike is graded as moderate, and is also suitable for children from 5 years of age.

When you have put the ascent behind you, you cross a stream and then a river over a footbridge. You will soon see the mountain farm on your right hand side, but the trail continues straight forward some 50 meters before you make a turn and arrive at the homestead of the old farm houses. One of the farm houses has been rebuilt a bit further up in the terrain.

Please remember to close the gate, as there are sheep grazing at Sollidstølen.










**Berekna tid/
Estimated time:**



1 t rund-
tur/1 hour
round trip

**Gradering/
Grading:**



Blå/Blue,
moderat/
moderate

**Høgdeskilnad/
Difference in altitude:**



100–350
meter/
meters

GjensidigeStiftelsen